

ÅRSMELDING FOR KYSTGEITLAGET I SELJE 2014.

Styret har i 2014 vore samansett slik:

Helge Borgund	leiar, på val
Åge Ervik	nestleiar, på val
Kjetil Friberg	kasserar
Geir Ole Ervik	skrivar
Per Atle Andreassen	styremedlem, på val
Sidsel Otnes	1. vara, på val
Miriam Friberg	2. vara, på val
Svein Per Ervik	revisor, på val
Anne Grete Ervik og Fredrik Borgund	valnemd

Det har vore to styremøter og eit telefonmøte der ein har handsama 7 saker.

12. april var styret på befarung til 4 besetningar for å snakke med folk om drifta og kva ein legg vekt på ved uttak av avlsdyr. Intensjonen var at ein skulle innom alle medlemmene, men det vart så seint på året at det vart ikkje tid til meir. Vi vil takke for at vi vart godt mottekne og at folk sette av tid til besøket. Når kjeinga tek til i år vil ein freiste å besøke resten av medlemmene.

Då det var svært sein kjeeing hjå dei fleste, vart fleire av bukkekjea som vart sette på til avl i minste laget. For å unngå dette for seinare, gjorde styret vedtak om at dei som forar over kje til året etter, slik at bukken vert vaksen før den vert teken i bruk, skal få eit tilskot på kr. 500,-. Dette gjeld anten det er bukken ein skal gje i frå seg eller den ein får.

Det måtte litt omrokering til i bukkeringen då eit medlem trekte seg ut og vi fekk eit nytt medlem inn. Alle fekk avlsbukkar til slutt.

Det var Kystgeitlaget som sto som arrangør av vær/bukkedagen den 18. oktober, men med god hjelp av Stadt sankelag. Den var som vanleg hos Geir Ole Ervik. Det var litt for laber oppslutnad om tiltaket.

Prosjektet Friskere geiter skal avsluttast og i den samanheng måtte alle ta oppfyljingsprøver av alle dyr fødte til og med 2013. Det var svært kort frist for å få til dette då prøvetakinga skulle vere avslutta til 15. november for å få prøvene gratis. Vi søkte om utsetjing og det fekk vi til 10. desember. Det var sjølv sagt umogeleg å få ta blodprøver av alle dyra, men mesteparten er det teke prøver av og så vitt ein veit var alle negative. Nokre dyr er det teke prøver av no i 2015 og nokre har ein ikkje fått prøver av enno, men det er viktig at ein får dokumentere at samtlege dyr er friske, for inntil ein kan det, er alle besetningane bandlagde av Mattilsynet for sal av livdyr.

Vi har fått førespurnad frå fleire plassar i landet om kjøp av livdyr, men alle har sikkert fått avslag om import frå sitt lokale Mattilsyn då ein ikkje har høyrte att noko konkret frå dei som har ringt. Dette er frå folk som har interesse av å ta vare på gamle husdyrraser eller vi ha dyr som er flinke til å halde kulturlandskapet i hevd.

Saman med Selje Sau og Geit, Stadt sankelag og Stadlandet bondelag, var Kystgeitlaget medarrangør på ein temakveld; Gjerde, til plage eller nytte. Det møtte heile 58 personar. Der var med folk frå Jordskifteretten, lensmannen, Statens Vegvesen og Fylkesmannens landbruksavdeling.

Kystgeitlaget var også medarrangør av ei førjulsamling med juletalerken på Furebuda mathus. Dei andre som var arrangørar var Selje Sau og Geit, Stadt sankelag og Vågsøy og Selje Produsentlag. Det var 46 personar som var med på dette.

For Kystgeitlaget i Selje

Helge Borgund